

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektør  
**Til:** Hovudutval kultur

### Kulturstrategi 2015 - 2018 - framdrift endeleg vedtak

#### Bakgrunn

Hovudutvalet vedtok i møte 17.06.14 at høyringsinnspela til utkast til kulturstrategi 2014 – 2017 vert innarbeidd i strategien. Vidare vedtok hovudutvalet at det har ikkje kome fram vesentlege framlegg til endringar i kulturstrategi 2014 – 2017 som gjer at strategien vert sendt på ny høyring. Målet var slutthandsaming av framlegg til strategi i hovudutvalet 23.09.14, og at strategien skal legge føringar for prioriteringane i framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016-2019.

Framdriftsplanen som vart lagt i juni-møte er ikkje helden. Hovudsakleg er dette grunna budsjett- og økonomiplanarbeidet og tilpassingar av strategien til signala i dette arbeidet.

Fylkesdirektøren vil orientere om vidare framdrift i strategiarbeidet og om dei justeringar fylkesdirektøren rår til vert gjort for å tilpasse kulturstrategien til budsjett- og økonomisituasjonen.

#### Tidsplan

29.10.14	Notat til orientering til hovudutval for kultur
25.11.14	Framlegg til vedtak av kulturstrategi i hovudutval for kultur
26.11.14	Tilråding i fylkesutvalet
09.12.14	vedtak i fylkestinget

#### Kulturstrategi 2015 – 2018

Fylkesdirektøren rår til at strategien vert gjeldande i 4 år frå 2015. Fylkesdirektøren rår også til at strategidokumentet vert spissa ytterlegare i høve til fylkeskommunen sine egne arbeidsoppgåver. I tillegg ønskjer fylkesdirektøren å vise nokre overordna og gjennomgåande perspektiv som skal gjennomsyre alt arbeid.

Desse perspektiva er:

- Universell tilgjenge, kultur for alle
- Nynorsk
- Den kulturelle grunnmuren, korleis fylkeskommunal aktivitet også støttar opp under kommunane sin aktivitet
- Born og unge, eit prioritert område

Satsingsområda til fylkeskommunen vert redusert frå 5 til 3:

- Frivillig sektor
- Kulturarv
- Profesjonell kunst og kultur

Strategiane våre vert spissa til å gjelde:

- Kunnskap og kompetanse
- Digital kunnskap og formidling
- Samarbeidspartnar og utviklar
- Eigar